

ÅRSMELDING

Hordaland Bygdekvinnelag 2020



Årsmøte på ZOOM
10.april 2021

INNHOLD :

Kontaktinfo til styret i Hordaland Bygdekvinnelag	4
Årsmøtesongen	5
Velkomen ved vertslag	6
Helsing frå distriktsstyret	8
Protokoll frå årsmøte 2020	10
Utval og representasjonar 2019-2020	16
Arbeid i distriktsstyret	16
Resultatrekneskap 2020	18
Balanse 2020	19
Varelagerliste	20
Hordaland Bygdekvinnelag si eiga	20
Årets lokallag i Noreg 2020	23
Bygdekvinnestreif på Voss	24
Helsing frå Vestland Bondelag	26
Frå lokallag	28
Oversikt over utleige i lokallag	35
Bygdekvinnelaga i Hordaland	36
Bilete frå året som gjekk	37

Bilete på forsida er tatt av Bodil Helen Høyland.

Fysisk Årsmøte i Ulvik vart avlyst grunna korona pandemien og vert derfor gjennomført digitalt.

Årsmeldinga er trykt i 110 eksemplar.

Styret i Hordaland Bygdekvinnelag 2019/2020

Leiar

Åsa Gunnarsdottir (Ulvik) Tlf. 95262096 asa.gunnarsdottir@ulvik.org

Nestleiar

Brita Dagestad Bjørke (Voss) Tlf. 95109975 brita.d.bjorke@gmail.com

Styremedlemar:

Kasserar: Helga Fossheim Tlf. 91850257 helgafossheim@hotmail.com

Skrivar: Siv Helle Prestegard Tlf. 92245880 siv22h@hotmail.com

Styremedlem: Esther Falk Tlf. 97482887 esther.lundshagen@outlook.com

1.vara **Turid Njåstad-Osterøy** Tlf. 91765853 turidbn@gmail.com

2. vara **Therese Rykkje** Tlf. 97678274 rykkje_t@hotmail.com

3. vara **Guro Holmberg** Tlf. 95947256 guro.kh@live.com

Hordaland Bondelag (HB) sin repr.:

Kjersti Hjelmeland Tlf. 91165448 kjersti_lenda@hotmail.com

Hordaland Bygdeungdomslag (HoBU) sin repr.:

Nils-Arne Rykken Tlf. 47940831 moaren65@outlook.com

Årsmøte-songen

Mel: Sov du vesle spire ung.

Norges bygdekinnelag
løfter høgt si fana,
brukar tida dag for dag
alltid er på bana.
Kvinner vil og kvinner kan,
byggjer bru, gå hand i hand.
For eit trygt og velstelt land
vi til kamp vil mana.



Jorda vår med alt som gror,
den er fundamentet,
for alt liv og mat på bord
vi frå den må hente.

Bruk den rett - vår bodskap stor:
Reint miljø er meir enn ord.
Handling, tel og kurs og ror.
Vi kan ikkje vente.

Heim, familieliv så visst
er vårt mål å freda.
Born som fødest, veks og trivst.
Livets største gleda!
Skulen vår og god kultur,
arbeidsplassar der vi bur.
Flukta bort frå bygda snur.
Kvinner har idear.

Utan kvinner er det sagt,
bygde-Noreg stansar.
Difor trengst det dagleg vakt,
kløkt og opne sansar.
Kvinner rett vi fram skal stri.
Og vi vil i bygda bli.
Vår ressurs til landet gi.
Arbeidskraft og ansvar.

(skriven av Mona Skrede)

Helsing frå vertslaget



Ulvik Bygdekinnelag har over 70 medlemer. God aldersvariasjon er ein av våre styrker, slik det er for mange andre bygdekinnelag. I eit normalår er det stor aktivitet og det står noko på programmet kvar månad utanom i «onnetida», som det heitte då laget vart skipa i 1932.

Me er opptekne av god variasjon i tema og at så å seie alle samkomer skal vere opne for alle. Jonsokbryllaup, kafe på torgdag i oktober og jolemesse har vore årvisse hendingar, men desse valde ein å ikkje gjennomføre i 2020 på grunn av koronasituasjonen. Vevstova er driven av ei eige arbeidsnemnd i laget og har vore open kvar veke i 38 år - heilt til koronaen kom - då vart det veveopphald i nokre månader.

I januar 2020 inviterte laget til møte på Hardanger Produksjonsskule der ein fekk eit interessant innblikk i skuletilbodet til ungdom som har falle ut av vidaregåande skule.

Det var rekordframmøte då bygdekinnelaget skipa Song- og diktkveld på Ulvik Omsorgstun i februar. Hovudattraksjonen var sambygding Leif Arvid Hjortland som song Jim Reeves til glede for bebuarar og alle andre som kom.

Etter nokre særsla rolege «koronamånader» var det svært triveleg å møtast att i august. Då var det samling i Kvemmadokkje, ein husmannsplass som eigarane har restaurert og brukar til konserter og gardsturisme. Torbjørn Ljones, alias Kvitanesen, kåserte og vart heidra med medlemskap i bygdekinnelaget.

I september skulle Epledagen markerast, og Syse Gard var ein naturleg tilhaldsstad. Eple er eitt av hovudprodukta til denne garden på Frukt- og siderruta.

Oktober er tida for årsmøte, og det vart halde på ungdomshuset Elvatun, som me ofte nyttar til møtestad. I tillegg til vanlege årsmøtesaker tok Grethe Brundtland, frå styret i Norges Bygdekinnelag, oss med til Guatemala og prosjektet bygdekinnene har der. Det viste seg at årsmøtet skulle bli ein reell smitteverntest, då ein av deltakarane i etterkant fekk påvist korona og alle som hadde delteke måtte testast.

Me er svært glade for at den smitta kom greit gjennom sjukdomen og at ingen andre vart smitta. Laget kunne sjå tilbake på dette som ei nyttig erfaring.

«Koronaåret» skulle ha blitt avslutta med joleverkstad og joletrefest for born, noko det ikkje blei forsvarleg å gjennomføre på grunn av aukande smitte i samfunnet.

Ein alternativ tanke om digital joleverkstad kom opp, resultatet vart ein halvtimes film med laging av jolekrans og smultringar, tonesett av det lokale mannskoret. Sporty og flinke bygdekvinner stilte opp og gjorde filmen til ein suksess. Han vart publisert på heimesida, på Facebook og Instagram. Frå Ulvik herad og frå Sparebankstiftinga Hardanger vanka det god økonomisk støtte og frå publikum mange gode tilbakemeldingar. Filmen vart delt og sett av mange, og me nådde eitt mykje større publikum enn me vanlegvis gjer. «Aldri so gale at det ikkje er godt for noko» er det noko som heiter...

Laget ser fram til distriktsårsmøtet som er planlagt til Ulvik i april 2021, og håpar å sjå dykk «live»! Men om det skulle bli gjennomført digitalt, ynskjer me uansett lukke til med møtet og med godt arbeid i laga framover!

For Ulvik Bygdekvinneklag

Leiar Margunn Hauso

VELKOMEN TIL ULVIK

Med høge fjell, fjord og idylliske fruktgardar er Ulvik den perfekte staden for ein aktiv ferie, anten du vil gå ein roleg tur i bygda eller nå nye høgder på ein av fjelltoppane.

Tradisjonar og matkultur står sterkt, og du får unike opplevingar på frukt- og siderruta, det lokale bakeriet Kádn & Alde eller serveringstadane i sentrum.

På Haugesenteret kan du oppleve poesi i verdsklasse, med dikt og forteljingar frå den lokale og verdskjende diktaren Olav H Hauge.

Kontakt Ulvik turistkontor om du ønskjer meir informasjon:

Visitulvik@ulvik.kommune.no
Tlf 40 00 71 99
www.visitulvik.no



Ulvik herad
Perla i Hardanger

Helsing frå styret i Hordaland Bygdekinnelag 2020



Styret i Hordaland Bygdekinnelag takkar for det gode samarbeidet me har fått med lokallaga gjennom dette rare året som no har gått. Me måtte avlysa ein del av dei treffpunktene me hadde planlagd, men litt aktivitet nådde me før stenginga i mars. Det er helst å nemna streif i februar med Bjørgum Bygdekinnelag, der møtte mange og det var eit veldig flott streif. Hordalands fylkeslag sitt årsmøte vart halde digitalt på ZOOM den 9.mai. Våre delegatar samla seg på hotell i Bergen 20.juni for å delta på landsmøte til Norges Bygdekinnelag, som også var digitalt. Landsmøte vedtok at fylkeslag vert kalla distriktslag frå no av. Der var det stolte tillitsvalde bygdekinner som var med og såg når Bjørgum Bygdekinnelag vart kåra til årets lag.

Det nya styret rakk å treffast nokon få gonger i gjennom året, på det første møtet fekk me treffa vertslaga som hadde invitert oss til Eidfjord på årsmøte og takka dei for innsatsen. Om dette og mykje anna kan de lesa om i dette heftet.

Lokallaga i Hordaland har hatt sine årsmøte fysisk i haust, nokon med færre deltagarar en vanleg på grunn av koronaen. Eg ynskje nye tillitsvalde hjarteleg til lukka med verv og håpar me skal få treffast til mange gode samvær. Det same ynskje eg dykk som held fram og fører laget vidare.

Administrasjonen i Norges Bygdekinnelag har me hatt god støtte frå, både me i distriktslaget og lokallaga. Det er lett å ta kontakt og der møter me alltid velvilje og gode svar.

Takk til Hordaland Bondelag og Hordaland Bygdeungdomslag for godt samarbeid. Bygdekinnelaget held fram med å vere møteplass for aktive kvinner og skapa liv i bygdene og så mykje anna.

Me ynskjer alltid nye velkomne med på laget.

For styret i Hordaland Bygdekinnelag

Àsa Gunnarsdottir, leiar.

Opplev dikt og
songar frå mange
tider og verdshjørne.

[NYNORSKE
KULTURSENTRUM
Haugesenteret]



haugesenteret.no



Alle
typer rekneskap!
Autorisert reknesakskontor.
Telefon: 56 52 07 70
E-post: hardanger@vekstra.no

PROTOKOLL

Frå årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag på ZOOM den 9.mai 2020

Leiar, Åsa Gunnarsdottir ynskte velkomen til eit annleis årsmøte på Zoom. Ho takka vertslaga, Vikebygd og Aga, Grimo og Børve og Sekse for den gode jobben dei har gjort med førebuing til møte som skulle ha vore i Eidfjord. Ho helsa til alle frå æresmedlemmene våre, Anna Torhild Blikberg og Åse Willgoths.

Sak 1 Navneopprop

Navneopprop ved nestleiar Brita Bjørke Dagestad. 47 deltagarar

Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vanlig at val er skriftlig val. Årsmøtet godkjenner at skriftlig val utgår, dette vart samråystes godkjend.

Sak 3 Val av skrivars.

Therese R. Aalvik og Helga Fossheim vart samråystes valde som skrivars.

Sak 4 Val av tellekorps og redaksjonskomite.

Går ut, sjå sak nr. 2. Dette blir berre aktuelt dersom det kjem benkeforslag under valet. Då vil det bli skriftleg val via sms.

Sak 5 Val av to medlemmer som saman med leiar skal skriva under protokoll

Forslag om Edel Karin Ertsås Alpen og Siv Helle Prestgard. Ingen andre framlegg. Desse vart valde einstemmig.

Sak 6 Handsaming og godkjenning av årsmelding.

Leiar, Åsa Gunnarsdottir går gjennom årsmelding.

Ingebjørg spør lokallag om dei har kommentarar til årsmeldinga, ingen kommentarar. Årsmeldinga vart samråystes vedtatt.

Sak 7 Handsaming og godkjenning av revidert rekneskap.

Kasserar, Liv Solfrid Lono går gjennom rekneskapen. Rekneskapen viser underskot på Kr. 63871,66,-.

Underskotet er direkte resultat av vedtak frå årsmøtet 2019 der ein bestemte å bruke meir på medlemmene.

Lågare medlemspris, gåver til 4H og prosjektet i Guatemala, sponsing av streif og organisasjonskurs til medlemmene. Styrehonorar og reiseutgifter er ein stor del av utgiftene. Styret var på inspirasjonsseminar til Trondheim, dette er ein tradisjon. Tar styremøtet i denne forbindelse.

Styrehonoraret må bli høgare vart det sagt på årsmøtet i fjor, men denne bør ikkje bli høgare no.

MERKNADER: Ingebjørg spør om det er kommentarar:

Agnete Sivertsen, Grimo kommenterer: Enklare for oss å lese rekneskapen dersom budsjettet ligg ved. Ho stiller spørsmål om underskotet, Liv Solfrid Lono svarar.

Guro Kristi Holmberg, Stord kommenterer: I fjor bestemte årsmøtet å bruke Kr. 80000,- frå eigenkapitalen på medlemmene, ynskjer konkret å vite kvar pengane er brukt. Liv Solfrid Lono svarar, det er brukt i hovudsak på reduksjon i pris på streifa og organisasjonskurs.

Det blir bestemt at til neste år skal rekneskapen leggjast fram i lag med budsjettet.
Årsmøtet godkjenner det framlagte rekneskapen med innspel som er komne, samråystes vedtatt.

Når ein vil ta ordet hald opp ein kvit lapp med nummeret ditt mot kameraet.

Sak 8 Leiars tale v/ Åsa Gunnarsdottir.

Åsa har vore leiar i 1 år. Ho ynskjer å møta flest mogleg lag og reiser gjerne rundt på besøk. Det er viktig å ha god kontakt mellom fylkesstyret og lokallaga, og ynskjer at laga tar kontakt om dei ynskjer hjelp til noko. Nyhetsbrevet ho sender ut, ynskjer ho blir sendt vidare til medlemmene slik alle kan vera oppdaterte og inkluderte. Talet på medlemmer har gått opp med rundt 80 stk i 2019, det er svært positivt. Det har vore høyring om samanslåing til Vestland, nesten 100 % einighet om at ein framleis ynskjer å vera Hordaland bygdekinnelag, Sogn og Fjordane vil også halda sitt lag.

Ho takkar Nils Arne Rykken frå bygdeungdomslaget som har vore med på styremøta. Hagny Flatabø har likeins vore med i styremøta til Hordaland bondelag. Det er eit godt og viktig samarbeid me har med Bondelaget og Bygdeungdomslaget. Åsa oppfordrar oss om å støtte bøndene og støtta norsk mat! Dersom det blir matfestival i Bergen i år skal vi vera med. Åsa overbringer helsingar frå ordførarane i Fitjar, Kvam Herad, Voss Herad, Osterøy Ulvik Herad og Stord som alle set pris på bygdekinnelaga i nærmiljøet.

Sak 9 Vedta arbeidsplan for komande år.

Ester Falk (HBK) gjekk gjennom framlegg til årsplan.

Arbeidsplan Hordaland Bygdekinnelag 2020-2021

*Yte god informasjon til lokallag:

- gjennom Hordaland Bygdekinnelag Nytt
- besøka laga ved flest mogleg høve
- gjennom heimesida: www.bygdekinnelaget.no/Hordaland

*Gjere prosjekter frå NBK kjente:

- Tradisjonsmat
- Verdas Matvaredag 16. oktober
- Organisasjonskurs, med støtta til vidare arbeid

*Tilby møtestader på tvers av lokallaga:

- Gjennom Bygdekinnestreff
- regionsmøte i dei 4 regionane

*Fokus på synleggjering av bygdekinnelaga:

- inspirere til verving, nasjonale verveveker 5 og 6
- opne møter
- bruk av pressa, ved større felles arrangement
- stå på stand på Bergen matfestival i september 2020

*Førebuing til Landsmøte i Bergen, 5-6. juni 2020

Bygdekinnelaget møteplass for aktive kvinner!

Ingebjørg spør om det er nokon innspel/kommentarar: Ingen kommentarar til arbeidsplan.

Årsmøtet vedtek at årsplan for kommande år vert vedteken så langt at ikkje coronatiltak setter begrensningar for dette, samråystes vedteke.



Her vert årsmøtet styrt av Anna datahjelpen vår og ordstyrar Ingebjørg Winjum

Sak 10 Vedta budsjett for komande år.

Liv Solfrid Lono legg fram framlegg til budsjett og kommenterer dette: Budsjettet med innkjøp av t-skjorter til 30 000,-. Honorar som normalt, men kor mykje reise det vert veit vi ikkje. Kontingent frå NBK er satt opp litt. momsrefusjon på 15 000,- Trykking av årsmelding går som normalt. Fleire postar som er usikre. Skal oppfordra til at lokallag kan senda inn forslag til revidert budsjett og bruk av midlar slik at medlemmer får tak i desse. Det er vanskelig å legge fram når situasjonen er slik som den er no pga.corona. Det blir for dyrt om ein skal gå med underskot kvart år.

Ingebjørg spør om det er kommentarar:

Liv Spilde, Bjørgum: Styret gjer ein kjempejobb, ein kan godt setta opp prisane på streifa, men tykkjer at styret skal få god godtgjersle for den gode jobben dei gjer.

Guro Kristi Holmberg, Stord: Sidan årsmøtet blir billegare og annleis i år kan ein då bruke av dei midlane som er avsett til årsmøte til streif?

Ordstyrar Ingebjørg Winjum seier ein må rekna med at styret må justera budsjettet i løpet av året når ein ser meir korleis situasjonen er i forhold til Corona.

Liv Solfrid Lono: Styret må sjå på budsjettet vidare framover.

Budsjett oppe til røystinga slik det ligg no. Det vert samråystes vedtatt og bestemt at styret arbeider vidare med budsjettet i løpet av året når ein ser korleis ting utviklar seg.

Sak 11 Innkomne saker.

Åsa Gunnarsdottir informerer om innkomen sak frå Stord bygdekvinnelag angåande gjennomføring av framtidige årsmøte for fylkeslaget. Styret er glad for forslag til endringar. Fylkesstyret ynskjer å komme med ei høyring slik at alle lokallag kan komma med kommentarar til saka om endring for gjennomføring av årsmøtet. Det vert sendt ut tre forskjellige forslag til alle lokallag med frist i slutten november i år. Fylkesstyret vil leggje fram resultatet på neste årsmøte, og då vert saka behandla.

Ordstyrar, Ingebjørg Winjum spør om det er kommentarar til forslaget.

Turid Njåstad, Osterøy: Når denne saka kom på bordet tenkte eg at dette var lurt, men når ein har fått sett meir på dette er det eigentleg ein stor sak. Så det er bra å ha denne saka på høyring slik at dette vart godt gjennomarbeida og at vi kjem til ei god løysing.

Styret sitt framlegg vart samråystes vedtatt.

Sak 12 Val.

Sissel Bjelland går gjennom valnemnda sitt framlegg til val.

Ordstyrar, Ingebjørg Winjum leiar valet og informerer om det praktiske rundt valet.

Vert ikkje skriftleg val for leiar.

Prosedyre A dersom ingen forslag til det som valnemnda har lagt fram.

Prosedyre B dersom nokon ynskjer å komma med forslag eller andre framlegg.

Leiar, styremedlemmer, revisor og utsendingar blir valgt ved stille «akklamasjon»

Therese Rykkje Aalvik ynskjer å koma med benkeforslag til møteleiing årsmøtet 2021. Ho synest det er unødvendig å ha ein mann som ordstyrar når me har så mange dyktige damer i lager vårt. Ho legg inn forslag om Astrid Lunestad, Øystese.

Vi må følja prosedyre B: send SMS med namnet. 1-22 (18)(40844889) til eit nummer, 23-47. Val mellom Astrid Lunestad og Jostein Ljones. 34 stemmer på Astrid Lunestad og 3 stemmer på Jostein Ljones. Alle har ikkje stemt, men det er stort fleirtal. Astrid Lunestad vart vald.

Voss kom med framlegg til ny representant til valnemda, Bjørg Håland, ny for 3 år, Liv Spilde, ny vara for 3 år.

Styret si samansetjing:

Leiar: Åsa Gunnarsdottir, Ulvik

Styremedlemer: Brita Dagestad Bjørke, Voss

Siv Helle Prestegard

Helga Fosshheim, Omvikedalen

Esther Falk

1. vara: Turid Bjørndal Njåstad, Osterøy

2. vara: Therese Rykkje Aalvik, Øystese

3. vara: Guro Kristi Holmberg, Stord

Attval (1 år)

Ikkje på val

Ny (2 år)

Ny (1 år)

Ikkje på val

Attval (1 år)

Attval (1 år)

Attval (1 år)

Revisoarar : Jorunn Holsen, Osterøy
Astrid Ettestad, Ulvik

Attval (1 år)

Ny (1 år)

Møteleiing årsmøtet 2021

Ordstyrar Astrid Lunestad, Øystese

Varaordstyrar Ingebjørg Winjum, Granvin

Utsending til Landsmøte 2020 i Bergen

1-Åsa Gunnarsdottir, leiar Hordaland Bygdekinnelag

2-Brita Dagestad Bjørke, fylkesstyret

3-Siv Helle Prestegård, fylkesstyret

4-Guro Holmberg, Stord Bygdekinnelag

5-Turid Njåstad, Osterøy Bygdekinnelag

Vara:

1-Kjersti Ystanes, Ulvik Bygdekinnelag

2-Sissel Ingleid Bjelland, Stord Bygdekinnelag

3-Rigmor Vikane, Stord Bygdekinnelag

**Valnemnd 2020:**

Sunnhordaland: 1. Sissel Ingleid Bjelland
(1 år att)

Folgefond: 2.Evelyn V. Rabbe
(2 år att)

Voss: 3. Bjørg Håland
(3 år att)

Vara: Anne Petra Halleraker
(1 år att)

Vara: Signe Lise Børve
(2 år att)

Vara: Liv Spilde
(3 år att)

Valnemnda legg fram framlegg om godtgjersle.

Valnemnd har fått brev frå Hordaland Bygdekinnelag som fremmer forslag om godtgjersle for nestleiar, foreslår Kr. 4000,- for årshonorar. Valnemnda støtter dette forslaget.

Godtgjerdse til tillitsvalde:

Styret:	Kr pr år:	Kr pr møte:
---------	-----------	-------------

Leiar:	10.000	800
--------	--------	-----

Nestleiar:	4.000	800
------------	-------	-----

Kasserar:	6.000	800
-----------	-------	-----

Skrivar:	4.000	800
----------	-------	-----

Andre styremedlemer:	800	
----------------------	-----	--

Varamedlemer:	800	
---------------	-----	--

Telefonmøte:	200	
--------------	-----	--

Ordstyrar på årsmøtet:	800	
------------------------	-----	--

<u>Godtgjerdse elles:</u>	Kr pr år:	
----------------------------------	------------------	--

Heimesideansvarleg:	1.500	
---------------------	-------	--

Ansvarleg for årsmeldinga:	2.000	
----------------------------	-------	--

Leiar av valnemnda:	1.000	
---------------------	-------	--

Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for høgast mogleg mjølkepris.
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurranseskraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge

medlem.tine.no



TINE

Kommentarar:

Liv Spilde, Bjørgum: Telefongodtgjersle og div har gått ned. Kva er grunnen til dette? Svar frå valnemnda: vanskelig å bestemme, desse endringane er gjort i samråd med styret. Kan stryke linjer som no står i null.

Guro Kristi Holmberg, Stord: Sjølv om det ikkje er så mange fysiske møter bør møtegodtgjersla framleis vera Kr. 800,- kr tlf. eller skypemøter. Svar: Då står forslaget som det står, Kr. 800,- pr. møte anten da er skype eller vanlig oppmøte.

Forslag frå valnemnd inkludert forslag om godtgjersle til nestleiar vert samrøystes vedtatt.

Ordskifte

Liv Spilde, Bjørgum: Ynskjer at dei nye i fylkesstyret skal presentera seg sjølv.

Siv Helle Prestegard: Heilt ny, har vore skrivar i Aga og Vikebygd. Ynskjer å engasjerer seg i lokallag her ho no bur og bidra i fylkeslaget. 66 år pensjonist, sjukepleiar, vore rådmann i Jondal.

Helga Fossheim: Omvikdalens bygdekinnelag, tidlegare leiar. Har vore passiv medlem nokon år, ynskjer no å vera meir aktiv i fylkeslaget. Ser fram til å bidra.

Helsing frå Norges bygdekinnelag v/Grete Brundtland

I fjar hadde vi rekordår med nyverving, 80 nye i 2019! Kjekt med mange unge! På landsbasis fekk me 1300 nye medlemmer, 216 av desse er under tretti år.

Utfording å verve nye og holde på medlemmer vi har. Kva betyr mest når ein melder seg inn? Dette er aktivitet i lokallaga, ikkje så mykje aktivitet no i desse tider med corona. Viktig å visa medlemmene at me er her, fint om me klarar finna på aktivitetar me kan tilpassa til dagens situasjon. Nokon lag har vore kreative og laga til drive in kino.

Prøve å holde kontakt med medlemmene våre og kom inn i registeret for medlemmer. Slik at ein kan sende helsingar f.eks sms.

Ein tid for planlegging og for å legge inn ein full innsats og bruk reiskap vi no har fått. Guatimalaprosjektet har vi forplikta 150 000,- i året. Dette må vi klare. Grete oppfordrar lokallaga å bidra inn i prosjektet.

Ho er stolt av å vere med i bygdekinnelaget og ynskjer alle lukke til.

Presentasjon av vertslag for fylkesårsmøte 2021

Kari Pettersborg ynskjer velkommen til årsmøte i Hordaland Bygdekinnelag i Ulvik 20-21 mars 2021.

Takk til årsmøtet

Brita Dagestad Bjørke takkar Liv Solfrid Lono som går ut av styret. Ho har vore med sidan 2012 samt Hagny Flatabø som måtte gi seg av personlege årsaker. Styret skal ha ei samling med desse når samfunnet no opnar opp att.

Liv Solfrid Lono takkar for seg. Har blitt kjent med mange flotte og dyktige damer rundt om i Hordaland. 3. mai kjem det andre barnebarnet i familien, gleder seg til å bruke meir tid på dei.

Åsa Gunnarsdottir takkar for eit godt årsmøtet, nokre utfordringar har det vore, men vi har kome i hamn. Spesiell takk til Brita Dagestad Bjørke som har losa oss gjennom dette digitale årsmøtet.

Ynskjer nye styremedlemmer hjartans velkomne på laget.

Årsmøtet slutt kl.12.35

Åsa Gunnarsdottir, leiar

Edel Karin Ertsås Alpen

Siv Helle Prestegard

UTVAL OG REPRESENTASJONAR 2020-2021

Arbeidsutval:	Åsa Gunnarsdottir og Brita Dagestad Bjørke
Medlemsvervning:	Alle representantar i styret
Hordaland Bygdeungdomslag:	Brita Dagestad Bjørke
Hordaland Bondelag:	Siv Helle Prestegard

Arbeid i distriktsstyret 2020

Hordaland Bygdekvinnelag var modige då dei gjennomførte årsmøtet digitalt på ZOOM den 9.mai. Dei fleste laga i Hordaland deltok på dette digitale årsmøtet som viser at de der ute ikkje er redde for nye utfordringar. Vertslaga som skulle ta imot oss i Eidfjord gjorde god jobb i sin førebuing som me takkar for. Det nye styret fekk treffa dei på Hardanger Folkemuseum på Utne kort tid etter årsmøtet. Dei vart takka med lett måltid og ei blome. Me har hatt 10 styremøte og handsama 60 saker i 2020. 4 av møta var digitale på ZOOM, 3 fysiske møte i Øystese og 1 i Ulvik. Me hadde eit arbeidsmøte på Osterøy 3.oktober i flotte omgjevnader.

Hordaland Bygdekvinnelag skulle vore vertslag for landsmøtet i Bergen. Landsmøtet vart gjennomført digitalt laurdag 20.juni og våre delegatar samla seg på Thon Hotell Kokstad for å delta. Hordaland Bygdekvinnelag skal vera vertslag for landsmøtet 2022 i Bergen og det ser me fram til. Det var ekstra stas når Bjørgum Bygdekvinnelag vart kåra til årets lag for 2020 på landsmøte i juni. Gratulerer til Bjørgum Bygdekvinnelag. Dette var så velfortent og me fekk sjå ei flott presentasjon av laget på skjermen.

Utsending / deltaking

Distriktsleiararsamlinga var digital i år. Åsa Gunnarsdottir leiar og Brita D Bjørke nestleiar deltok. Samlinga varte over 2 dagar

Verveaktivitetar

I slutten av 2020 er me 790 medlemer mot 811 i 2019. Det er kjekt å sjå at me har mange unge medlemer. Hordaland Bygdekvinnelag ynskjer å få reetablert eit lag i Etne. På Verdens Matvaredag hadde me aksjon i Etne der me delte ut varm lammegryta og informasjon. Me fekk kontakt med ei dama som er veldig interessert i å hjelpe til med etablering av Bygdekvinnelag der. Dette vil HBK arbeids vidare med.

Vitjing i lokallag

Det har vert mindre treff for oss enn me hadde ynskt. Mange av aktivitetar har vert utsett grunna korona og det har ikkje vert ønskeleg å reisa mellom kommunar dette året. Men sjå på helsingar frå lokallaga lenger bak i heftet, det har vert mykje kreativitet og mange av laga har klart å få til treff likevel.

Direktemedlemer

Det er 8 direktemedlemer i Hordaland Bygdekvinnelag. Desse er frå 2 nedlagde lag, Bømlo og Granvin Bygdekvinnelag.

Bygdekvinnestreif

I februar hadde me eit fabelaktig treff der me sette rekord i oppmøte på streifen på Bjørgum, då det var så mange som møtte opp var det kanskje for at me ante at det ville verta lenge til neste gong. Bjørgum Bygdekvinnelag tok imot oss med fantastisk mat og eit program som me vil huska lenge. Tusen takk skal de ha på Bjørgum. Sjå også artikkel frå Liv Kolskår lenger bak i heftet.

Heimesidekurs/Organisasjonskurs

Grunna korona pandemien vart det ikkje mogleg å ha kurset med oppmøte. Men med kreative folk som var villige til å prøva noko dei aldri hadde gjort før så vart det kurs. Brita tilbød kurs for lokallaga og fekk med seg Helle og Tale til væra lærarar med å ha digitalt heimasidekurs. Det var 3 lag som melde seg og kurset vart gjennomført digitalt på ZOOM. Og det gjekk jo veldig bra.

Samling av lokallagsstyrta

Det virka tungt å finna høve til å møtast. Vossa regionen fekk til digitalt møte og det ynskje me å få til med dei andre også om ikkje alt for lenge.

Pressemeldingar

Hordaland Bygdekvinnelag sendte pressemelding i høve FN sin internasjonale dag for avskaffing av vald mot kvinner, den 25.november. Meldinga vart sendt til avisene i Bergen og til aviser der det ikkje er lokale bygdekvinnelag.

Heidersmedlemer

Det er to heidersmedlemer i Hordaland Bygdekvinnelag:

Anna Torhild Førsund Blikberg i Oppheim og Hauge Bygdekvinnelag og Åse Willgoths i Huglo Bygdekvinnelag. Dei vart invitert på årsmøte.

« **Hordaland Bygdekvinnelag nytt» har kome ut med 4 nummer i 2020**

Sentralstyremedlem

Grethe Brundtland er vår kontakt frå styret i Norges Bygdekvinnelag. Me takker henne for god hjelp og støtte i arbeidet vårt. Grethe har vert med oss på dei fleste av distriktsstyremøtene.

Bilete frå årets aktivitet kan sjåast bak i årsmeldinga.

For distriktsstyret Åsa Gunnarsdottir leiar

BYGDEKVINNELAGETS ETISKE KØYREREGLAR

- Me skal akte kvar andre
- Me skal vera opne og ærlege
- Me skal visa engasjement
- Me skal vera lojale mot avtaler og slutningar
- Me skal skapa trivsel, stoltheit og glede

Resultatrekneskap 2020

Konto	Regnskap i år	Regnskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER		
3101 Kontingent NBK	81 600,00	98 930,00
3102 Annonser årsmeldinga	0,00	15 250,00
3103 Salgsartiklar NBK, bøker	1 950,00	1 200,00
3104 Momsrefusjon	19 168,00	18 222,00
3105 Bygdekvinnestreif	12 150,00	5 000,00
3106 NBK midler	4 065,00	0,00
3107 Norsk Tipping grasrotandel	1 780,10	1 737,40
3109 Loddsalg	500,00	17 540,11
3110 T-skjorter	1 800,00	855,00
3200 Årsmøte	0,00	76 250,00
Salgsinntekter varer/tjenester	123 013,10	234 984,51
3401 Mottekne midler	2 204,00	0,00
3440 Spesielt off. tilskudd for tjenester	5 214,00	0,00
Offentlig tilskudd	7 418,00	0,00
Sum driftsinntekter	130 431,10	234 984,51
DRIFTSKOSTNADER		
4300 Innkjøp salgsartiklar for videresalg	1 670,00	2 700,00
4390 Beholdningssendring	10 105,00	1 730,00
4500 Arb. årsmelding, mm	10 068,75	11 647,25
4501 Innleige kurs-holdere, mat mm	9 710,00	11 489,00
4502 Verving	0,00	18 500,00
Forbruk av innkjøpte råvarer etc.	31 553,75	46 066,25
5330 Godtgjørelse til styre	59 420,00	35 500,00
5390 Annen oppg.pl. godtgjørelse tlf.	1 336,00	1 500,00
Lønninger, ferielønn og honorarer	60 756,00	37 000,00
5500 Annen kostnadsgodtgjørelse	4 000,00	1 600,00
Andre personalkostnader	4 000,00	1 600,00
6300 Leie lokaler	4 000,00	4 900,00
6421 Vipps-gebyr	0,00	74,62
6705 Honorar regnskap	14 010,00	15 094,00
6791 Nettsideavgift	1 500,00	0,00
6800 Kontorekvista	1 071,20	0,00
6860 Mate, kurs, oppdatering o.l.	0,00	5 600,00
6907 Internett, Zoom-møte	1 903,35	0,00
6940 Porto	2 579,80	3 025,00
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	7 960,40	0,00
7140 Reisekostnad	8 358,60	34 003,50
7160 Hotel, diett v. meter, seminar	2 565,00	18 935,00
7320 Annonseinnt. overf. arrangørlag	3 625,00	5 750,00
7400 Kontingenter fradragsberettiget	1 360,00	1 860,00
7420 Gave, fradragsberettiget	0,00	22 350,00
7740 Øredifferanse	-0,75	0,00
7770 Bank- og kortgebyrer	268,50	273,00

Konto		Regnskap i år	Regnskap i fjor
7790 Annen kostnad		57,44	0,00
7791 Årsmøte		2 500,00	95 812,00
7792 Meteutg. mat		3 796,49	6 512,80
<i>Andre innkjøps-, tilvirkn. kostn. etc</i>		55 555,03	214 189,92
7830 Konstaterete tap på fordringer		500,00	0,00
<i>Tap på fordringer</i>		500,00	0,00
Sum driftskostnader		152 364,78	298 856,17
Driftsresultat		-21 933,68	-63 871,66
8050 Annen renteinntekt		2 594,00	4 212,00
<i>Finansinntekter</i>		2 594,00	4 212,00
Avdelingsresultat		-19 339,68	-59 659,66
8800 Årsresultat		-19 339,68	-59 659,66
<i>Avslutningskonti</i>		-19 339,68	-59 659,66

Balanse

EIENDELER

1400 Gjenstander, rollup mm	5 650,00	5 650,00
1480 Innkjøpte varer for videresalg	4 395,00	14 500,00
1500 Kundefordringer	750,00	26 972,00
1900 Kontanter	0,00	551,00
1920 Spb. 3546.30.41898	145 364,32	106 322,50
1922 Spb. 3530.22.17848	15 640,66	20 293,16
1923 Landkredit 9365.20.64025	313 071,44	310 561,44
Sum eiendeler	484 871,42	484 850,10

GJELD OG EGENKAPITAL

2050 Annen egenkapital	-440 476,95	-459 816,63
2400 Leverandørgjeld	-3 853,00	-4 492,00
2961 Innbetalt fra nedlagte lag	-20 541,47	-20 541,47
2990 Annen kortiktig gjeld	-20 000,00	0,00
Sum gjeld og egenkapital	-484 871,42	-484 850,10

Diff. eiendeler/gjeld og EK	0,00	0,00
------------------------------------	-------------	-------------

"HJELTNES GARTNERI"

Godt utval av sommarblomar!

Hjeltnesvegen 296, 5730 Ulvik

www.hjeltnesgartneri@ulvik.org

tlf 48025257"

VARELAGER 31.12.2020

Post 1400. Bøker og gaver o.l. Er gaver og gjenstander bygdekvinnelaget har fått ifb med jubileum og andre merkedagar. Dette er sett til ein sum kr. 1.000,- i rekneskapet.

Eiga liste på dette.

2 stk rollup kr. 1200,- + kr. 3450,- er og med i denne posten. Sum kr. 5.650,-

Post 1460. Innkjøpte varer for videresalg.

21 stk bøker «Ord og uttrykk»	kr. 945,-
2 stk lagskopper u.hank a kr. 135,-	kr. 270,-
12 stk t-skjorter a kr. 80,-	kr. 960,-
4 stk bordflagg a kr. 230,-	kr. 920,-
5 stk HBK-nåler a kr. 150,-	kr. 750,-
2 stk. HBK-nåler litt mindre a kr. 100,-	kr. 200,-
5 stk koffertmerke a kr. 20,-	kr. 100,-
1 eske navnelapper til årsmøte	<u>kr. 250,-</u>
Sum varelager	kr. 4.395,-

Hordaland Bygdekinnelag si eiga

Eldre saksdokument er arkivert hjå Hordamuseet, Hordnesvegen 24, 5244 Fana
På kontoret hjå Hordaland Bondelag har Hordaland Bygdekinnelag ståande nyare arkiv. I tillegg vert følgjande lagra på bondelagskontoret:

Bøker:

Bondekvinne, liv og lov
Bunader i Hordaland
Det gode Bygdemiljø
Gjestebok Hordaland Bygdekinnelag frå årsmøte 1966
Hordaland Bygdekinnelag 50 år 1936-1986
Krone og skaut
Kultur og tradisjon - kilder til vekst og utvikling
Kulturgramatikk
Kvinnegiv for bygdeliv, 50 år med Norges Bygdekinnelag (2 stk)
Lefser, småkaker og julekaker frå Sunnhordland
Oss mennesker i mellom
Tingene forteller - registreringshåndboka
Ungdom og landbruk
Vask og tekstilbehandling
Vern og vøling av gamle hus



Andre eigeluter:

Bilete, diverse
Bordflagg, Norges Bygdekinnelag
Cd plate av Dagfinn Iversen; Elvelangs
Lysestakar, Norges Bygdekinnelag, 2 stk
Pokal i sølv frå 1961, helsing frå Hordaland Bondelag
Rollup, 2 stk (marknadsføringsplakatar)
Smijarns-bygdekvinne, frå Norges Bygdekinnelag årsmøte i 2014
Turkopp, Norges Bygdekinnelag



Sørg for god og allsidig fôring

Vårt Formelsortiment til sau og lam er av høy kvalitet og passer til alle fôring behov.

Formel Sau Ekstra

Vårt toppkraftfôr til sau fra ca. 8 uker før lamming til beiteslipp. Har et høgt protein (AAT)- og energiinnhold. Tilsatt ekstra E-vitamin for sører med 3 lam eller mer, og metionin for mer levedyktige lam.

Formel Sau

Til bruk for sører og livlam fra innsett på høsten til beiteslipp. Gir godt grunnlag for god melkeytelse. Tilsatt metionin for mer levedyktige lam.

Formel Sau Intensiv

Spesialblanding med svært høgt fiberinnhold. Dekker vitamin- og mineralbehovet for sau om vinteren. Tilsatt metionin for mer levedyktige lam.

Formel Lam

Kraftfôr til lam fra fødsel. Har god smakelighet og høgt innhold av AAT. Egner seg godt til kopplam/grilllam og til lam på støttefôring, mens de går sammen med mora og dier på beite.

Husk å gi dyra mineral- og vitamintilskudd:
Pluss Sau Pellets og Pluss Sau Appetitt.

Bjørgum Bygdekinnelag, årets lokallag i Noreg 2020



Bilete av bygdekinner i Bjørgum Bygdekinnelag er tatt av Ørjan Brattetveit.

aktivitetar på dagsid, som mange andre lag. Medlemmane har og mykje program i helgene, slik at våre aktivitetar for det meste må føregå på kveldstid og litt laurdagar.

Me har likevel hatt tru på at me har gjort noko rett. Medlemstalet har meir enn dobla seg dei siste 5-6 åra, utan at me har gjort noko spesielt for å verva. Grunnen til at nye medlemmar har kome, er aktivitetar me har som freistar. Desse aktivitetane har me vore flinke å publisert på Facebook og Instagram. På den måten er det mange fleire som har vorte merksame på kva me tilbyr i laget vårt. Nokon av aktivitetane som har drege nye medlemmar er blant anna kveldsturane rundt om i bygda, vår og haust. Me har alltid med turleiar, som tek oss med til nye stader. Både dei som er oppvaksne i grenda og tilflyttarar, har på denne måten blitt meir kjende i bygda vår.

Bakeaktivitetane har og vorte populære. Ein gong på vårhalvåret har me kurs i ulike lefser, flatbrød og krotekaker m.m. Repertoaret har auka for kvart år, og me har måtte auka frå ei helg til to, og nokre kveldskurs i veka til tillegg. Mange har nyttta cursa til å baka seg Vossakling til konfirmasjon i heimen. Under bakeveka leiger laget vårt ungdomshuset i grenda. Dei kveldane det ikkje er bakekurs, får medlemmane kom og baka det dei ynskjer. Det er ikkje alle som har plass og utstyr til å baka slikt heime. Det er og både matnyttig og sosialt å ha felles bakestunder.

Me har alltid program på medlemsmøta våre, som ulike handarbeidsteknikkar, spennande reiseskildringar og vinkveld m.m. Me er opne for idear og ynskjer frå medlemmane. Før jol har me joleaktivitetskveld, der me har laga alt frå leverpostei, marinert ost, syltflesk, ulike jolekaker og dørkransar. Me har aktivitetar i samband med dei fleste av prosjekta til Norges Bygdekinnelag. Dette har gjev oss nye idear til aktivitetar i laget, og gjort at me har samarbeida med 4H, ungdomslaget og Grisegutane i grenda vår, pluss nabo bygdekinnelag.

Pengar som me får inn på bakekurs og anna, brukar me mykje på medlemmane våre. Me sponsar ofte kjekke aktivitetar, som sommartur og liknande. Medlemmar som har lyst å delta på noko i regi av Hordaland Bygdekinnelag eller Norges Bygdekinnelag vert alltid sponsa med ein liten sum. På den måten er det fleire som får eit forhold til kva som føregår utanfor vårt eige lag. Både Bygdekinnestreif og Inspirasjonsseminar er vorte populært å delta på.

Då me fekk vita at me vart årets lokallag, hadde me planar om å sponse tur til Bergen for dei av medlemmane som hadde lyst til å vera med. Dette sette koronaen ein stopper for, så i staden fekk me prøva oss som filmstjerner for ein dag. Filmen vart vist på landsmøte, men den skapte og merksemde utanfor bygdekinnelaget. Nokon av medlemmane fekk oppslag i Bondevennen i etterkant.

Så me er svært takksame for prisen me har vorte tildelte, og fortset i same ånd med friskt mot.

Liv Spilde

Dette året vart Bjørgum Bygdekinnelag den stolte vinnar av prisen som årets lokallag, for heile landet. Me synes dette er stor stas, sidan me veit kor mange flinke lag me konkurrerer med rundt i fylket og landet vårt.

Me har sendt inn søknad fleire år utan å nå heilt fram, så no hadde me nesten gitt opp. Me er eit lag med forholdsvis ung medlemsmasse. Flesteparten av medlemmane er framleis yrkesaktive, derfor kan ikkje me ha så mykje

Bygdekvinnestreif på Voss med Bjørgum Bygdekinnelag.

Året 2020 starta fint og laget hadde laga store planar. Frå HBK fekk me i oppdrag å laga Bygdekvinnestreif 29.februar i Solheim ungdomshus. Dette synest me i laget var kjekt og me gjekk på med frisk mot og store planar.

Programmet vart innhaldsrikt frå lokale aktørar.

To jenter song og las opp dikt, eine jenta har og vore med i Idol.

Grisegutane hadde laga film om griseslakting som vart vist og dei snakka om utegrisehald.



Flor, arbeidsklede for kvinner, var der og hadde mannekeng oppvisning. Modellane var damer frå laget. Kristin Lemme som er grûnder og starta Flor, fortalte korleis ide vart til produkt. Me i Bjørgum Bygdekinnelag er veldig stolte over at ho og er medlem i vårt lag.



Bjørgum BKL hadde ei framifrå flott framføring.

kaffien vart det anislefser. Desse rettane finns i Tradisjonsmat oppskriftsheftet som Bjørgum Bygdekinnelag har laga.

Streifen vart halden i Solheim Ungdomshus på Bjørgum, eitærverdig bygg som fyller 100 år i 2021. Laget har alle sine møter og kurs der fordi me har vorte så mange medlemmer at me treng stor plass

Det var ca.100 deltagarar på streifen,

Styret tenkte at me måtte bidra med noko og, så me trena på ei regla som me framførte. Dette vart ein stor suksess. (Me hadde mykje moro under øving og). Det ligg film av regla på Bjørgum BKL si Facebook side. Maten var tradisjonsrik og lokal. Styret laga supanesoppa, med flatbrød, sirup og gammalost som tilbehør. Til dessert var det heimelaga karamellpudding og til



me fekk god omtale av arrangementet i lokalavisa Hordaland. Tusen takk til alle som deltok og gjorde dette til ein minnerik dag.

Dei var del av den samansveisa gjengen som arrangerte streifen.





Vil du bli medlem? Send BONDE, namn og nummer til 2030.

Bondelaget er ditt faglag som produsent og forvaltar.
Bondelaget har tyngde og kompetanse til å
reise saker og bli høyrt. Som medlem i Bondelaget er du med å
få fram kor viktig næringa er for samfunnet.

Medlemsfordelar:

- Råd og rettleiing innan skatt, jus og arealsaker
- Kjøpsfordelar i Agrol
- Gunstig forsikring og bank
- Bondebladet
- Unge bønder-pakke
- Gratis standardavtalar
- Kurstilbod



Helsing frå Vestland Bondelag

Vestland Bondelag har vore i drift i eit halvt år, og vi har hatt glede av å ha med oss Siv Helle Prestegard frå Hordaland Bygdekvinnelag. Det siste året har vore prega av koronapandemien, og det lokale aktivitetstilbodet har vore vanskeleg å opprethalde både i Bondelaget og i Bygdekvinnelaget. Digitale møter fungerer veldig godt, men no lengtar vi alle etter å møtes fysisk!

Landbrukspolitikken er ein viktig del av distriktpolitikken, samtidig som bonden er avhengig av ein aktivt distriktpolitikk som gjer det attraktivt for anna næringsliv å etablere seg i distrikta. Distriktpolitikk ser ut til å bli eit viktig tema i årets Stortingsvalkamp. Vi har stor tru på utflytting av statlege arbeidsplassar retta mot dei større tettstadane i Vestland. Desse er «motorar» for utviklinga av alle bygdesamfunna som vi har overalt i Vestland. Samtidig skal det skapast «bulyst» i bygdene våre. Her har sjølv sagt det offentlege eit tydeleg ansvar for utdanning-, helse- og fritids-tilbod, men dette er ikkje nok. Kvar enkelt av oss har eit ansvar for å skape «bulyst» i bygdene våre. Her har også Bygdekvinnelaget både eit ansvar og ei mogelegheit. Bygdekvinnelaget sit på ein unik kunnskap om blant anna mattradisjonar og husflid/handverk. Vi ser ei aukande interesse for desse tinga i den siste tida, også blant den yngre generasjonen. Gjennom kursing og aktivitetstilbod kan Bygdekvinnelaget bidra til å skape «bulyst» i bygdene, samtidig som ein løftar fram gamal kunnskap i ny «innpakning». Dette er noko mange av lokallaga i Bygdekvinnelaget er gode på i dag, samtidig er det truleg noko ein kan bli enno betre på.

Vestland Bondelag har tru på det gode liv på bygda og i distrikta, men det skjer ikkje utan eit samarbeid mellom det offentlege, næringslivet og dei frivillige organisasjonane.

Helsing Vestland Bondelag
v/ Anders Felde



HARDANGER

PANORAMA LODGE



BRAKANES HOTEL

by FJORDTIND

...

Saman gjer vi det betre

Som kunde hjå oss er du med på å bidra til lokalsamfunnet. Tusen takk!



ULVIK BENGIN- & SERVICE TRANSPORT

5730 Ulvik - Tlf. 911 79 749

Frå lokallag.

Stord Bygdekvinnelag 90 år.

I april i 1930 ble Stord Bondekvinnelag stiftet. Dette ville vi feire 6.11.2020

Tidlegare jubileer har vært feiret med brask og bram og masse gjester.

Denne gangen måtte det bli enkelt. Alle medlemmene ble invitert til middag på Stord hotell, og 14 meldte seg på.



Marit-Anne Heimvik ønsket velkommen..

Programmet åpnet med en fin prolog med Rigmor Vikane

Så var det middag med meny basert på kortreiste råvarer.

Bakte beter med ost

Stekt kveite med urtesaus og saltrista poteter

Sitronterte med is.

Alt smakte fortreffelig.

Deretter fikk vi et fint foredrag om historien til NBK av Sissel Bjelland

Rigmor Vikane hadde funnet artige anekdoter fra vår lokale historie.

Astrid Larsen er en meget habil fotograf, og hun hadde laget til en quiz. Spørsmålet var hvor godt vi kjener øya vår. Vinner ble premiert med Twist.

Astrid hadde samlet sammen masse gamle bilder. De ble aktivt kommentert av de som enten kjente anledningen eller folkene som var avbildet.

Til avslutning var det kaffe og kaker og tid til litt drøs.



Frå Kinsarvik Bygdekvinnelag.

Arbeidsåret 2019/2020 starta etter årsplanen med adventsmøte i desember. Tradisjonen tru hadde me innbedne gjester. På programmet stod vitjing av den nye soknepresten for Kinsarvik og Eidfjord. Soknepresten fortalte, song og spelte gitar og gjorde kvelden svært triveleg.

Januarmøtet gjekk også etter planen, med ope møte i Fjordahallen i samarbeid med biblioteket. Bibliotekar Erika Alnæs presenterte forfattarar og bøker.

Likeeins fekk me gjennomført både februar- og marsmøtet slik som planlagt.

I februar kalla me møtet Kvinnetreff. Både bygdekvinner og innflyttarkvinner hadde ein hyggekveld saman med eritreisk og norsk mat på bordet. Dei frammøtte fekk øva seg på serviettbretting.

10. mars vart det siste møtet før koronapandemien og regjeringa tok styringa. Programmet denne kvelden var «Bruken av bunad og skaut» og «Korleis verva unge medlemmer?» Bu og Ringøy bygdekvinneklag var inviterte. Alis Bjotveit, fortalte om skautefellingsprosjektet ho hadde delteke i, i regi av museet. Leiar i Kinsarvik bygdekvinneklag fortalte om bunadsutleiga i laget og to yngre medlemmer frå Bu/Ringøy fortalte om kvifor dei hadde meldt seg inn i laget.

No vart det brått andre tider. Både aprilmøtet og maituren vart avlyst, og me skjøna etter kvart at den årlege kakebasaren i juni, den største inntektskjelda til laget, ikkje kunne gjennomførast heller. Annakvart år har me og loddsal på bok, der inntekta går til gode føremål i bygda, med trekking av gevinstane på basaren i juni. Inntekta denne gongen skulle gå til ny herre/konfirmantbunad til utleige. Loddsal på bok vart derimot ikkje avlyst,

men utsett til hausten 2020

For ikkje å sleppa kontakten med medlemmene, hadde me eit vanleg medlemsmøte utandørs i juni, me møttest på Ålmerket i Kinsarvik. Nistepakken var med i veska. Møtet vart avslutta med ein fottur til den planlagde klatreparken i Kinsarvik. Det var godt å møtast att etter 3 månader.

Elles har fotturar i nærområdet vore ein måte å koma saman på. Frisk luft, vakker natur og god prat



er helsebot for både kropp og sjel.

2 perlekurs kunne og gjennomførast med eit lengre stopp i den «strengaste» tida.

I september og oktober skulle det vore opne møte med innleidt program. Desse måtte utsetjast på ubestemt tid. I staden vart det gjennomført vanlege medlemsmøte, etter alle smittevernreglar. På oktobermøte var temaet for kvelden: «Bruk heile dyret» Me utveksla oppskrifter og erfaringar.

I oktober gjennomførde laget 2 bakedagar i eldhus og mange gode krotakaker vart steikte.

Ein del av desse skulle vera gevinstar på bok.

Loddsal på bok med mange flotte gevinstar frå

medlemmene vart gjennomført i oktober/november. Mange heldige vinnarar fekk seg ei overraskning i slutten av november. *Sjå heimesida til Kinsarvik bygdekvinneklag.



Endeleg kunne årsmøtet 2020 avviklast på Gløyp Spiseri i starten av november, og Steinar Rinaldo serverte oss velsmakande mat.

Skrive av Jorunn Nornes Opdal og Helene Olsen
Vedlagde foto av Gunn Berit Beck

Frå Egdetveit Bygdekvinnelag


I 2020 har laget hatt 17 medlemer, 5 møte og 1 styremøte. Grunna korona og nedstenging er dette langt færre møte enn vanleg.

Møte: På møte i november 2019 hadde me invitert Synnøve Bjørgum, som viste bilet og fortalte om turen sin «Noreg på langs», - på ski og til fots.

I desember deltok me på det tradisjonelle adventsmøte for alle bygdekinnelaga på Vossestrand. Det var Oppheim/Hauge bygdekvinnelag som i år arrangerte dette 4.12.2019.

Etter at koronaen «stengde ned» landet vårt i mars, har me berre hatt eit møte utanom årsmøte i oktober. Møtet var i mai – og me sat ved langbord med 1 meters avstand i storesalen i ungdomshuset «SOLHALL»

Aktivitetar: Me deltok som vanleg på StrandaMessa, 23.-24-11-2019. Laget vårt laga supanesoppa og steikte blodpannekaker. Me baka kaker og tok våre vakter på kafèkjøkkenet.



3. januar 2020 arrangerte med jolatrefest i «Solhall». Det var bra frammøte, men me hadde hatt plass til fleire. Dårleg ver og tidspunkt som ikkje passa alle foreldre var nok årsaka til at det ikkje kom fleire. Jolafesten var eit «spleiseland». Alle hadde med mat. Me gjekk rundt juletree, og jammen kom nissen og i uveret.

7. mars var mange av oss på tur til Bergen og såg teaterstykket «Heim 3».

Det vart med ein tysdags-lunsj på Vossestrand Omsorgstun, smittefarene vart for stor. Onsdagsturane våre har gått sin gang i heile sommar og haust; men me har ikkje lyst dei ut pga korona. Det hender me køyrer til turmålet, med meir enn to personar i bilen kan me ikkje halda avstandsmeteren. Ein fast gjeng på 3 – 7, og gjerne opp til 9 personar har hatt mange fine turar.



Me laga til tradisjonell jonsok-feiring ved Gapahuken på Hovdane. Der fyrtे me opp grillen og kokte kaffi. Ein triveleg kveld både for store og små med trekning av premiar blant dei som hadde skrive seg inn i turboka og quiz med spørsmål frå Holbygda.

Alle 1. klassingar på Vossestrand har også i 2020 fått Zero-huer, strikka av bygdekinnene på Vossestrand.

Uttaler:

- Ynskje om at det vert nytta meir nynorsk i medlemsbladet «Bygdekinner»
- I lag med Hordaland Bygdekvinnelag ynskjer me at meir av medlemspengane går til lokallaga
- I lag med bygdekinnelaga i distriktet skreiv me lesarinnlegg/skriv til Tine om framtida til Voss Meieri.

Frå Grimo Bygdekvinnelag

Grimo Bygdekvinnelag har hatt 5 styremøte og 5 medlemsmøte med tema som årsplan, strikkekafe, konfektlaging, potatkakesteiking og årsmøte.

2 av møta var opne for ikkje medlemmer og vart avholdt som kurs, som ikkje er meldt inn til studieforbundet.

Av andre aktivitetar har me laga til lokal pepperkakeby, vert på Utneheimen med kaffimat og underhaldning, me handla lokal mat på nærbutikken og pynta Utne kyrkja til hausttakkefest og sytte for kyrkjekaffi og kaker.

Mvh Anni Holst Alvsåker

Ps Mange tema vart ikkje til noko pga.korona og me trippar for å koma i gang 😊

Frå Omvikdalen Bygdekvinnelag

Omvikdalen Bygdekvinnelag har, trass i koronarestriksjonar, hatt ein god aktivitet gjennom 2020. Tilbakemeldingar frå medlemane har vore positive. Av aktivitetar kan nemnast:

- Kurs i fermentering
- Fleire møte i jentehobbyklubben
- Julegraut til elevane ved Omvikdalen skule
- Dugnadsarbeid: Maling av Jens Tvedt-huset
- Bygdekvinnetreff med tema psykisk helse/fysisk aktivitet
- Brasiliansk aften
- Strikkekaféar
- Teatertur til Bergen
- Turar i friluft
- Årsmøtet vårt kunne vi avvikla fysisk med mange medlemmer til stades. Før møtet fortalte Oddny Miljeteig om barndommen sin i Åkrafjorden, eit sterkt møte med ei sterke dame.



Tur til Bondhusvatn.

Omvikdalen Bygdekvinnelag helsar årsmøtet og ønskjer lukke til med gjennomføringa.



Frå Vikebygd og Aga Bygdekinnelag

I 2020 hadde laget vårt 20 medlemmer. Bygdekafeen vår i biblioteket på Åkre starta opp hausten 2019, og var i full sving fram til nedstenging på grunn av Covid19 i mars. Kafeen var open to timer frå 17.00–19.00 kvar tysdag, medan biblioteket og var ope. Me serverte for det meste heimelaga bakverk, kaffi/te/saft til ein billig peng. Gjestene var frå mindre born og unge som pusla og spelte spel, til vaksne og eldre som slo av ein prat med sambygdingar. Oftast var det mellom 15 og 25 personar innom. Me fekk oppslag i lokalavisa, bygdefolket var nøgde og me storkosa oss. Frå mars 2020 vart alt annleis, det vart få medlemsmøte og få styremøte, men likevel var me aktive med ulike oppgåver. 4. Juli kom den restaurerte galeasen "Gurine", bygd i Rosendal i 1875 for Jakob Bleie frå Vikebygd, "heim" til Nå. "Interesselaget Gurine" held styr på smittevernreglar, og laget vårt serverte mjølkekaker, surmjølkslappar med syltetøy, iskrem og drikka. Kr. 8.000.- vart overført Interesselaget, og som takk fekk bygdekinnene flott curise på fjorden då festen på kaien var slutt.

15. oktober markerte me Verdens matvaredag ved å servera lammegryte med heimelaga potetstappe til Vikebygd skule i matsalen i Bygdahallen på Nå.

Middagen erstatta skulelunsjen som me har tradisjon for å servera kvar vår. Me hadde fokus på "Bruk heile dyret", og bruk av lam/sau. Elevane hadde laga koselege raude eple i tova ull til oss som takk.

Samarbeidet med skulen er til gjensidig glede.



Sjølv om året vart annleis, vart likevel avslutninga kjekk: Ei turgruppe vart etablert. Ulike turar i bygda vart annonser via oppslag ved butikken og på Facebooksider. Alle som ville vart inviterte med. God nistemat og varm drikka kosa me oss med, både i sol og regn. Utruleg korleis ein tur i friluft styrker både kropp og sjel!

Frå Oppheim og Hauge Bygdekinnelag

Lagsliv i koronatider, kultur i nærmiljøet

Me er inne i ei spesiell tid som set mange restriksjonar for møteverksemd og sosialt samvær. Bygdekinnene har sakna medlemsmøte og strikkecafear, og planlagd sommartur i juni 2020 laut utsetjast. Men i september opna det seg litt, styret heiv seg rundt og inviterte medlemene til tur/møte på Stalheim 09.09.20.

Etter eit langt opphold var det kjekt å møtast att!

Det gjorde ingenting om det regna, 17 godt kledde medlemsdamer var framme på Stalheim hotell kl.17.00, klare for ein tur gjennom hotellet sitt rikhaldige museum. Kunnskapsrike Trygve Dugstad byrja turen inne på hotellet, fortalte om innbu, utstyr og kunst som var samla av Kaare Tønneberg, tidlegare direktør på hotellet. Fire store måleri frå ulike tidsaldrar viste korleis synet på natur har endra seg opp gjennom tidene. Samlingane av gamle bygningar på haugen ovanfor hotellet kunne me nok brukt ein heil dag på. Dei fleste husa som loft, årestover, eldhus, låvar og fjøs er flytta hit frå nærområda. Inne i den gamle skulestova frå Leidal (nær Tvinne) vart det mimring og forteljing av skulesoger, og me song eit vers av «Å vesle lerka».



Trygve tok oss så med inn i dei forvitnelege samlingane i magasinet. Me såg og høyrd soger om bryggjing, kjengjer, arbeidsklede, gardsarbeid, bunadar, friing og giftemål for å nemna noko. Veldig interessant, og for fleire var dette første besøk på museet, men skulle ikkje verta det siste!

Etter eit par interessante og lærerike timer var me på plass i matsalen til kjøkkensjefen sine velsmakande karbonadesmørbrød. Alle smittevernlover vart følgde, me gjekk gjennom lagssaker, og jamen var det og tid til godpraten me hadde sakna lenge. Me kan trygt tilrå tur til Stalheim hotell og museet på Fuglahaugen, både for lag og privatpersonar.



Frå Skare Bygdekvinnelag - Året 2020 vart eit annleis år for oss alle.

Me i Skare Bygdekvinnelag hadde dette året 6 medlemsmøte.

Arbeidsåret starta med strikkekafe og basar i nov.2019. Bakedagen i januar 2020 fekk me heldigvis gjennomført. 19 medlemmer møtte opp og me steikte potetskaker, nordlandslefser og røldalskling. Det var ein sosial og kjekk dag.

Frukost som me kvart år lagar til heile skulen klarte me og å få til før nesten alt vart nedstengt. Elevane og lærerane gler seg til denne dagen.

I forbindelse med Verdas matvaredag og aksjon bruk heile dyret, besøkte me garden på Tresmyr. Der fekk me omvisning i fjosen der alle sauene var innkomne, og dei såg ut til å trivast godt. Me fekk høyra om bruken av sau frå gammalt av og fram til no. Før

var det meir slakting heima på garden. Mykje god mat vart laga her og alt på dyret vart nytta.

Skulen vår var i rådmannens budsjettforslag for 2021, og økonomiplanen for dei neste åra, føreslege nedlagt i 2022.

Då samla heile bygda seg for å demonstrere mot forslaget, og stilte opp med faklar og plakatar langs vegen. Me i Skare

Bygdekvinnelag møtte opp med 12 medlemmer og syntes det var ei viktig sak å støtta. Bygdekvinnelaget har møta sine i grennahuset som har tilknyting til skulen, og mykje kontakt med elevane gjennom året. I løpet av kvelden fekk med godmeldinga: SKULEN SKULLE BLI OPPRETTHALDEN!

Skare Bygdekvinnelag er for levande bygder!

Hilsen Lillian Akse 😊



Hillesvåg

ULLVAREFABRIKK

OVERSIKT UTLEIGE I LOKALLAG

LOKALLAG	UTLEIGE AV	MERKNADER
Egdetveit Bygdekvinnelag	Store kasseroller til «selskapskoking»	
Fitjar Bygdekvinnelag	2 dåpskjolar, lue/kyse, lyseblå/lyseraud silkeband. 16 store, kvite damaskdukar	
Granvin Bygdekvinnelag	Mannsbunader Brurebunad	
Kinsarvik bygdekvinnelag	Konfirmantbunader til gutter Brurebunad med krune Brudgomsbunad	Populært – må vera ute i god tid www.bygdekvinnelage.t.no
Skare Bygdekvinnelag og Odda Bygdekvinne	2 stk konfirmasjonsbunader til gutter > Brurebunad v/Husfliden i Odda	Odda Bygdekvinnelag administererfor tida utleigen gutabunader
Ulvik Bygdekvinnelag	Dåpskjole	Kontaktperson Àsa Gunnarsdottir
Vikebygd og Aga Bygdekvinnelag	Dåpskjole	Kontaktperson Gurid Bleie
Vinje Bygdekvinnelag	Dåpskjole	
Vinje, Myrdalen, Oppheim/Hauge og Egdetveit Bygdekvinnelag	Gutebunader, kan kle opp 7 konfirmantar Brudebunad, formidla utleige av brudekrune Konestakk, raud og svart	Fellesprosjekt med eige rekneskap
Voss Bygdekvinnelag	Bryllaupsbunad til herre og dame Konfirmantbunader til jenter og gutter Dåpskjole	Kontaktperson er Sigrid Haug



Bygdekinnelaga i Hordaland 2020

LAG	Stifta	Leiar	Adresse	Mobiltlf	medl
Bjørgum	1938	Liv Kolskår	lkolsk@online.no	95242051	72
Bu- og Ringøy	1930	Gerd Rosten Bu	gerd.bu@outlook.com	97169904	21
Bulken	1927	Ingrid D Rolland	i-rollan@online.no	97169471	11
Børe og Sekse	1962	Signe Lise Børve	siliborve@gmail.com	48213341	10
Egdetveit	1951	Berly M. Giljarhus	Berly.mg@gmail.com	91705280	15
Espe	1948	Liv-Jorunn Liknes	livJORUNNliknes@hotmail.com	90502656	5
Fitjar	1952	Lilli Ann Drønen	lilliann.dronen@gmail.com	90994299	38
Grimo	1956	Mette Bleken	bleken.mette@gmail.com	99034911	12
Huglo	1954	Eline Bruntveit	elib-bru@online.no	92013087	16
Kinsarvik	1948	Helene Olsen	holsen@kinsarvik.net	47036306	35
Lothestrand	1958	Turid Nesheim	turid.nesheim@idata.no	91125331	9
Myrkdalen	1948	Anne-Marit Skjervheim	amskjervheim@gmail.com	90623552	15
Odda	1948	Liv Solfrid Lono	livlono@online.no	91881736	16
Omvikdal	1928	Esther Falk	esther.lundshagen@outlook.com	97482887	138
Oppheim og Hauge	1953	Bjørg Håland	bes_5713@hotmail.com	48380971	37
Osterøy	2004	Gerd Karin Njåstad	njaastadgerdkarin@gmail.com	48000637	26
Røldal	1947	Borgny Hagen	Bygdavegen 43, 5760 Røldal	47673002	8
Skare	1949	Brynhild Riise	brynhild.riise@gmail.com	91120218	28
Stord	1930	Marit-Anne Heimvik	maritanne.heimvik@sklb.no	90518122	25
Sveio	1956	Signe Oppedal Fosse	s-fosse@online.no	92297648	11
Tysnes	1956	Jorunn S Bjordal	jorunnsb48@gmail.com	95066576	34
Ulvik	1932	Margunn Hauso	margunn.hauso@gmail.com	40007129	73
Vikebygd og Aga	1956	Åse-Marie Reisæter	aase_rei@hotmail.com	48021004	20
Vinnes		Gerd Skåtun	optiskzoomer@gmail.com	98885256	6
Vinje	1948	Kjellaug Dagestad	Holbygdvegen 249, 5713 Vossestrand	97510392	8
Voss	1925	Eldbjørg Farestveit	eldbjørg.farestveit@gmail.com	98090702	58
Øystese	1928	Therese Rykkje	rykkje_t@hotmail.com	97678274	30
Åsane	1982	Brita Toppe	b.toppe@broadpark.no	48254298	5
direktemedlemer		Med Granvin og Bømlø			8
Total medl.					790

Bilete frå året som gjekk.



Arrangørar av
Bygdekvinnestreif på
Bjørgum



Liv Solfrid vart takka av med
blomst -- >



Me takkar vertslaga på Utne



Me freista Etnebuarane
med gryterett og
medlemsskap i
Bygdekinnelag




Digitalt Landsmøte

*Odda Bygdekvinnelag viste korleis brukta Heile dyret
Åsa fekk vera med på det
og me viste biletet frå det i Etne*



Kjem dei gode ideane derfrå snart? Frå arbeidsmøte på Osterøy.



UNDE
LAND
GARD

Hardangerblom

Økologiske gardsblomar
frå Undeland Gard i Ulvik

Vakre sesongbukettar og
kortreiste, friske blomar
til arrangement

www.undelandgard.no
tlf. 47445632



DEN
grøne
KAFÉ

SVSE
GÅRD
Ulvik i Hardanger

Kvifor medlem i bygdekinnelaget?

- Kjekt og lærerikt kvinnennettverk😊
- Arbeider for levande bygder
- Medlemsbladet Bygdekvinne
- Bygdekinnenes Hjelpefond
- Juridisk hjelpetelefon
- Rabatt på Riksteateret og LevLandlig
- *Fordelar hjå Landkreditt*
- *Agrolavtalen; over 40 rabattavtaler: Brilleland, hotell, bil, straum, dekk og bilrekvisita, med mer*

På nettsida www.bygdekinnelaget.no finn du mykje informasjon om Norges Bygdekinnelag.

Langsiktighet, sikkerhet og best økonomi

Enten du er storfprodusent med 2 års produksjonssyklus eller kyllingprodusent med 30 dagers oppføringstid, så ligger det et langsigktig perspektiv bak investeringene dine.

Da er det trygt å ha en samarbeidspartner med den samme langsigktigheten som selve grunnlaget for sin virksomhet. En samarbeidspartner som også garanterer for avsetningen din, uansett hvor du bor eller hvor stor produksjon du har. Men kanskje aller viktigst: En samarbeidspartner med et overordnet mål om å bidra til best økonomi for bonde - både på kort og lang sikt.



